

Rådet for funksjonshemma i Stord kommune

Hørings svar til Forslag til ny byggteknisk forskrift (TEK17)

Forslag til ny forskrift.

08.02.2017

.

Se vedlegg

- [Uttale til TEK 17 - frå Rådet for funksjonshemma.pdf](#)
-

Forslag til ny byggteknisk forskrift (TEK 17) – Uttale frå Rådet for funksjonshemma i Stord kommune (RFF)

1. Innleiing

Innføringa av tilgjengekrava i TEK 10 i Plan- og byggingslova har vore grunnleggjande viktig for å skapa eit likeverdig samfunn med plass til alle. Me opplever imidlertid at det forslaget som no ligg føre til ny byggteknisk forskrift, svekkjer tilgjengekrava til bygg og bustad.

Regjeringa sin visjon er eit universelt utforma samfunn innan 2025. RFF meiner dei føreliggjande forslaga om lemping av krava om universell utforming bryt med endringane som vart gjort i TEK10, med FN sin konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne og med intensjonen i Diskriminerings- og Tilgjengelova (DTL).

På bakgrunn av forslaga meiner RFF at regjeringa sin eigen visjon om eit universelt utforma samfunn innan 2025 mistar truverd, då forslaga systematisk vil gjera tilgangen til bygg og bustad vanskelegare for ulike grupper av funksjonshemma, og at resultatet dimed vil fungera diskriminerande.

2. RFF sine hovudsynspunkt

- RFF støttar forslaget om utvikling av forenklingsverktøy
- RFF går imot forslaget om unntak frå fellesvedtekter til særskilde bygg og tiltak (TEK 10, kap 1)
- RFF går imot forslag om å vurdere krav til stigningsforhold til bustad, byggverk og uteopphaldsareal (TEK 10, kap 8)
- RFF går imot forslag om å vurdere detaljerte krav til universell utforming og tilgjenge (TEK 10, kap 12)

3. RFF sine vurderingar

RFF meiner det er fornuftig å utvikla forenklingsverktøy også på tilgjengeområdet. Men me avviser forslaget om å redusere krava til student- og fritidsbustader, fordi dette vil redusere den generelle kvaliteten på desse bustadene. Dagens krav om at 20 % av studenthyblar skal vera tilgjengelege, er lågt og bør ikkje svekkast.

Den føreslegne endringa i stigningsforhold til bustad, byggverk og uteopphaldsareal vil gjera det vanskelegare for mange å ferdast ute. Vert dette gjennomført, vil regelverket ikkje vera i tråd med internasjonale standardar.

Forslaga til forenklingar av krav til entre, kommunikasjonsveg, trapp, rampe, beteningshøgder og bad/toalett i publikums- og arbeidsbygg vil redusere tilgangen for mange grupper. RFF meiner dette vil vera ei uheldig utvikling.

RFF er oppteken av at tilgjengekrav i bygg og bustader ikkje berre handlar om rullestolbrukarar. Det er fleire ulike omsyn som må vektleggjast. Me beklagar sterkt at det har vorte skapt eit bilete av at universell utforming er svært fordyrande og kompliserande for byggenæringa. RFF vil hevda at krava sikrar alle brukarar bygg og bustader som er brukbare, funksjonelle, romslege og kvalitativt gode, og – viktigast – bidreg til ei utvikling av eit meir inkluderande samfunn.

RFF ser positivt på at rutinar og saksbehandling vert forenkla, men me meiner det er uklokt og samfunnsøkonomisk negativt å svekka dagens tilgjengekrav i TEK 10.

Med venleg helsing
Råde for funksjonshemma i Stord kommune
v/ Gaute Straume Epland, leiar